

INTERNT NOTAT

Dok. ref.
20/1263-5

Arkivkode
K2-U01, K3-&13

Dato:
25.03.2021

NOU 2020:15 HØYRINGSSVAR FRÅ FRÅ SULDAL KOMMUNE

NOU 2020:15 Det handler om Norge, Bærekraft i hele landet – Utredning om konsekvenser.

Suldal kommune sluttar seg til det fylldige høyringssvaret sendt gjennom Ryfylke IKS frå kommunane Suldal, Sauda, Hjelmeland, Strand og Sandnes.

Suldal Kommune vil i tillegg koma med eigne konkrete framlegg for punkt som er av særleg interesse for Suldal.

Kap 3. Distriktpolitiske verkemiddel og politikk for distrikta

Suldal støttar:

- Rapporten som peikar på at de er viktig å anerkjenna særpreget i distrikta framfor å kopiera byane. Distriktpolitikk handlar om gode og attraktive lokalsamfunn. Suldal kommune støttar dette.
-
- Rapporten skisserer nedskriving av studielån som rekrutteringstiltak. Suldal kommune støttar dette.
- Rapporten peikar på viktigheita av eit brukartilpassa kollektivtilbod. Eit godt buss-, ferje- og hurtigbåttilbod er avgjerande for alt frå kommunal tenesteyting og skuledrift, til næringsliv og turisme. Suldal kommune støttar dette.

Suldal kommune vil føreslå konkrete forbedringstiltak for utvikling av distriktpolitiske verkemiddel:

- Redusere arbeidsgivaravgifta i kommunar med sentralitet 6
- Differensiere arbeidsgivaravgifta basert på bedrifta sin storleik
- Målretta og øymerka overføringar der deler av arbeidsgivaravgifta går direkte til infrastrukturinvesteringar. (f.eks rassikring, hurtigbåt/ferjetilbod o.l)

- Målretta differensiering for å bidra til at kompetanseheving/rekruttering løner seg
- Målretta tiltak for å syte for tilstrekkeleg vedlikehald på fylkes- og riksvegar.
- Innføra ordning med nedskriving av studielån knytt til arbeidstakarar i kommunar med sentralitet 6.
- I 2019 vart fordelingsnøkkelen for hurtigbåtar endra. Dette medførte eit inntektsstap på 90 millionar for Rogaland fylkeskommune. For Suldal kan dette få alvorlege konsekvensar, og sjølv om det er gjort justeringar i seinare tid, er det langt i frå nok til å oppretthalda eit forsvarleg tilbod for kommune, næringsliv og innbyggjarar.

Kap 10 Utvalet sine vurderingar, tilrådingar og forslag til tiltak

Øyremerking av midlar frå statsforvaltar til fornyings- og innovasjons-prosjekt til samarbeid mellom kommunar.

Suldal kommune støttar:

- Suldal kommune støttar forslaget om at midlar til fornyings- og innovasjons-prosjekt frå statsforvaltar vert øyremerka til samarbeid mellom kommunar. Samarbeid på tvers av kommunegrensene er viktig både når det gjeld tenesteyting og strategisk utvikling.

Kap 6 Helse og omsorg

Suldal utfordrar:

- Auka kapasitet i utdanninga i helse- og omsorgsykker. Det er mange helsefagarbeidarar som ynskjer å vidareutdanna seg til både sjukepleiarar, helsesjukepleiarar etc. ,men det er i dag ei utfordring å få studieplass. Dette er ikkje berekraftig i ei tid med mangel på helsepersonell.

Kapittel 7 – Bustadmarknaden i distrikta

Suldal kommune føreslå følgjande tiltak:

- I distrikta er byggekostnadane ofte høgare enn verdien på bustaden, dette er ei stor utfordring i Suldal. Det må setjast i gang tiltak som gjer det meir attraktivt å byggje og eige bustad i distriktskommunar, der byggekostnadane ofte har ein større verdi ein marknadsverdien om og når ein skal selje.
- Vurdere endringar i skattesystemet som kan gjera det meir attraktivt å byggja bustader og næringsbygg i kommunar med låg sentralitet.
- Sikre at Husbanken har ordningar som stimulerer til bustadbygging i distrikta
- Stimulere til ny bruk av gamle og falleferdige bygg, ved å løyve midlar og tilskot gjennom tettstadutviklingsprogram.

- Vurdere eit skattesystem som gjer det meir attraktivt å eige og utbetra gamle/ubrukte næringsbygg i kommunar med låg sentralitet.

Kap. 8 Kompetanse/Utdanning

Suldal vil foreslå konkrete forslag for å sikre kvalitet og kapasitet på kompetanse til distrikta.

- Etablere traineeordningar som reduserer studielån for nyutdanna med høgare utdanning i kommunar med sentralitet 6.
- Sikre tilgang til fleire fagretningar allereie tidleg i utdanningsløpet ved å nytte felles ressursar på tvers av geografiske grenser ved hjelp av teknologi.
- Styrke ordningane for desentralisert undervising både for privat og offentleg sektor. Dette i samarbeid med dei vidaregåande skulane, høgskulane og universiteta i områda.
- Etablere desentralisert utdanning i samfunnsutvikling/planlegging, særleg retta inn mot kommunesektoren.

Kap.9. Infrastruktur knyter distrikta saman

Suldal kommune støttar:

- Gode tilskotordningar for å betra breibands- og mobiltelefondekninga i distrikta.
- Rapporten peikar på at det må investerast meir i vegprosjekt som utvidar og styrker integrasjonen i dei regionale arbeidsmarknadane. Vegane må vera trygge, rassikring er viktig. Suldal kommune støttar dette.

Kommunedirektøren

Karin Dokken Austvik
Kommunedirektør